# Fjell kyrkjeblad

Nummer
1
2018



Kross på inngangsporten ved Landro kyrkje

## Godt samarbeid mellom kyrkja og skular i Fjell side 4-5



Planlegg utviding av gravplassen på Landro. Side 6



Nytt frå misjonsprosjekt i Mali. Side 7

Fjell kyrkjeblad

**UTGJEVAR** Fjell kyrkjelege fellesråd

Kyrkjeblad for Fjell kjem ut
6 gonger i året og kostar
kr 200,- pr. år.
For utanbygds: kr 250,-.

**Bankgiro, Kyrkjebladet**
1503.84.37590

**Bankgiro, Fjell kyrkjelege fellesråd**
1503.84.35067

**Ansvarleg redaktør**
Olav Martin Vik

**Grafisk utforming**
Anne-Kari Vik

**Trykk**
Bodoni AS

**Framsidebilete:**
Bjarte Nese

**Kyrkjekontoret**
Postboks 184, 5342 Straume

**Telefon**
55 09 74 40

**E-post**
post.kyrkja@fjell.kommune.no

**Besøksadresse**
Tytebærbrekko 2, Temahuset

kyrkja.no/fjell
t-dagen.no

**INNLEVERINGSFRIST**
for annonsar og kunngjeringar til neste nummer av Fjell kyrkjeblad: 5. mars 2018

# Leiar



Kjære lesar av Fjell kyrkjeblad.

Når du les dette bladet er me allereie langt inn i det nye året. Skillet mellom gamalt og nytt år gir oss ei kjensle av å starte med blanke ark. Nokre ark er blanke, men mange ark er lik frå det eine året til det andre. Gudstenester, t-dagar og andre aktivitetar følgjer planar som er gjennomgåande og uavhengig av årsskifte. Gud er også den same, uavhengig av tid og årsskifte. Det gir tryggleik både for notid og framtid.

Me er inne i ei tid med endring. Neste år, nærare bestemt frå 1.12.2019 får me eit nytt fellesrådsområde med namnet Øygarden kyrkjelege fellesråd. Dette skal førebuast og utover i 2018 vert det ein god del arbeid med å førebu samanslåinga. Samanslåingsprosessen skal gjerast samstundes som me skal halde oppe det daglege arbeidet og tenestene. Det er kommunal fellesnemnd som skal tildele pengar til samanslåinga. Det ser ut til at denne løyvinga vert sterkt avgrensa i høve til det kyrkja har søkt om. Det gir oss utfordringar med å få til ein forsvarleg prosess.

Fjell kommune har fått ein trongare økonomi, noko som også påverkar rammeløyvinga til Fjell kyrkjelege fellesråd for 2018. Dette gir oss utfordringar, og som leiar kan eg ikkje anna enn å gi uttrykk for at situasjonen er krevjande. Fellesrådet sitt budsjett for 2018 er svært trongt. Me er svært spent på kva signal ein etter kvart får frå kommunal fellesnemnd om løyvingar til kyrkja i den nye kommunen. Allereie ved utgangen av 2018 må me arbeide fram ein økonomiplan som skal gjelde frå 1.12.2019. Den økonomiske ramma er avgjerande for kva me kan halde oss med i åra som kjem.

Oppi alt dette som no skjer framover, må me ikkje miste av syne kva som er viktigast og kva oppdrag me har som kyrkje. Det må me minne oss om kvar dag.

Eg ønskjer dykk alt godt framover!

Olav Martin Vik
Kyrkjeverje i Fjell, Sund og Øygarden

# Ny kontorsekretær på kyrkjekontoret

**Rebekka Louise Sandøy Johannesen er tilsett som kontorsekretær i eit 2-årig engasjement ved kyrkjekontoret i Fjell frå januar 2018. Ho er den første du snakkar med, eller møter, om du ringjer sentralbordet eller kjem innom kyrkjekontoret. Vi ønskjer Rebekka velkomen inn i staben!**



Foto: Anne-Kari Vik

Rebekka Louise Sandøy Johannesen er 29 år, gift og har to barn. Familien bur på Blomvåg i Øygarden.

Rebekka har fagbrev i resepsjonsfaget. Ho er tilsett i eit toårig engasjement i 80 prosent stilling, og vil sitje i resepsjonen på kyrkjekontoret i Fjell.

## Endra ekspedisjonstid ved Fjell kyrkjekontor

Frå januar 2018 er ekspedisjonstida på kyrkjekontoret i Fjell frå kl. 10.00-14.00 alle kvardagar. Dette gjeld både kontoret og telefonen (sentralbordet). Du kan kontakte oss på e-post utanom opningstida. Adressa er:

post. kyrkja@fjell.kommune.no

# Skapt på underfullt vis

I det siste har eg høyrt mykje på ein lovsong der teksten er henta frå Salme 139 i Bibelen. Salmen handlar om at Gud kjenner oss og ser oss. David takkar Gud for at han er underfullt laga.

*«For du har skapt mine nyrer, du har vove meg i mors liv. Eg takkar deg for at eg er så underfullt laga. Underfulle er dine verk, det veit eg godt. Knoklane mine var ikkje skjulte for deg då eg vart laga i løynd og voven djupt i jorda. Auga dine såg meg då eg var eit foster. Alle dagar er skrivne opp i di bok, dei fekk form før éin av dei var komen. Dine tankar, Gud, er dyrebare for meg, summen av dei er ufatteleg! Tel eg dei, er dei tallause som sand, blir eg ferdig, er eg enno hos deg».*

*Salme 139, vers 11-16.*

Har du tenkt på kor stort det er at akkurat DU er til, at Gud har tenkt ut deg, ikkje berre din utsjånad, men din personlegdom – som det berre er du som har? Du er kjent av ein allmektig Gud, og han vil ha fellesskap med deg. Du er ønska, skapt, sett og elska av Gud.

Anne-Kari Vik
Informajonsmedarbeidar



# Adventsgudstenester for skular og barnehagar

**I løpet av desember har det vore 40 adventsgudstenester for skulane og barnehagane i kommunen. På desse gudstenestene har over 900 barnehagebarn og 2 500 skuleelevar deltatt.**

Tekst: Beate Sørhus Foto: Fjell kyrkjelege fellesråd

Første adventsveka var det barnehagane som kom til kyrkjene for å vere med på adventsgudsteneste i kyrkja og samling med peparkaker og songstund i kyrkjelydssalen. Alle barnehagane fekk òg ei julebok frå kyrkja – med songar, bilete, aktivitetar og forteljingar – som dei kunne bruke vidare i barnhagane.

Dei to neste vekene kom det elevar frå alle barneskulane, i tillegg til Tranevågen ungdomsskule på skulegudstenester. Her deltok elevar med tekstlesing frå juleevangeliet, lystenning og mange ulike musikalske innslag. Det blei òg arrangert ein eigen sansegudsteneste for spesialavdelinga på Hjelteryggen, Tranevågen og Sørlibasen.



Både barnehagebarn og elevar fekk møte gjetaren (bileta) frå Betlehem. Først då han var på veg «på jobb» som nattevakt utanfor landsbyen, så etterpå då han hadde opplevd noko så utruleg som eit englebesøk i natta!

Både prestane, pedagogane, organistane og kyrkjetenarane har vore i aksjon desse vekene. Gjennom julesongar, juleregle, drama og andakt, har dei nok eit år fått vere med å setje juleevangeliet i fokus i adventstida.



# Innhald


Side 4-5 Samarbeidet mellom kyrkja og skulane
Side 6 Utviding av gravplassen på Landro
Side 7 Misjonsprosjektet til Foldnes kyrkjelyd





# Samarbeidet mellom kyrkja og skulane

**I Fjell kommune er det ein lang tradisjon på fagleg samarbeid mellom Den norske kyrkja i Fjell og barneskular i Fjell. Vi presenterer her kva samarbeidet går ut på.**

Tekst: Anne Ludvigsen Kaldestad Illustrasjonsfoto: Fjell kyrkjelege fellesråd

Kvar skule har valgt ein representant inn i eit fellesutval, kalla SKU (skule-kyrkje-utval). Utvalet møtest to gonger årleg. Der legg ein planar for samarbeidet og evaluerer tiltaka. I tillegg er dette ein arena for faglege samtalar og idear.

SKU-arbeidet starta allereie på 80-talet. Då var det skulane som ytra ynskje om å få dette i gang. Sidan då har dette vore eit inspirerande og nyttig arbeidsreiskap for begge partar. Det må også seiast at andre kommunar har «sett til Fjell» og blitt inspirerte til å skipa (seg) liknande utval for samarbeid. Det gode her er at ein sikrar fagleg tyngde i det vi gjer, og vert endå meir medvitne på kor i skulane sitt planverk ein finn heimel for samhandlingar.

**Årshjul**

Det er utarbeidd eit årshjul for samarbeidet. Dette årshjulet fungerer som plan, med høve til endringar og utbygging undervegs (sjå årshjulet til høgre).

**5. klasse**

På hausten har ein samarbeid med 5. klasse. Skulen sitt planverk seier mellom anna at «elevene skal kunne forklare Bibelens oppbygning, finne fram i bibelske tekster og reflektere over forholdet mellom Bibelen og språk og kultur». I tillegg «gjøre rede for sentrale fortellinger fra Det gamle testamentet fra fedrehistorien til profetene. Gjøre rede for sentrale fortellinger fra Det nye testamentet fra Jesus til Paulus».

Difor har ein i dette møtepunktet ein faktatime om Bibelen, i tillegg får alle elevane kvar sin bibel av kyrkja. Vi ser på korleis dei bibelske tekstane vart samla, lærer omsetjing og språk. I tillegg er ein innom korleis Bibelen har prega menneska og samfunnet: Forholdet mellom Bibelen, språk og kultur og litt om oppbygginga til Bibelen: Korleis slå opp og finne fram. I forlenginga av tematimen får 5. klassane tilbod om kurset «Vandring gjennom Bibelen». Eit 4-timars undervisningsopplegg utarbeida av Det Norske Bibelselskap, som passar for elevar på mellomsteget. Her har ein ei spanande gjennomgang av forteljingane i Bibelen knytt opp til hugseord og handbevegelsar som gjer bibelforteljingane lettare å hugse.

**Advent**

I advent vert alle skular i kommunen inviterte til adventsgudstenester i si lokale kyrkje. Her har ein differensierte gudstenester for småskule og mellomsteg. Tema er advent og jul. Prest, organist, kyrkjetenar og pedagog er på plass, og skulane stiller på omgang med programinnslag og lesing.

Rammeverket i skulen legg vekt på at det er viktig med kontakt med og kjennskap til nærmiljø og oppleving av gudstenste og tradisjonar. I advent får ein høve til å oppleve dette.

### 3. klasse

På våren er det 3. klasse sin tur. Klassane vert inviterte til si lokale kyrkje. Ein føremiddag er ein der og blir kjent både med kyrkjehus, arkitektur, kunst, musikk og kyrkjelege tradisjonar. Eit svært populært besøk for borna. Nytt av året er at vårt Kyrkjepedagogiske forum stiller med meir pedagogisk nærvær på desse dagane. Dette forumet består av pensjonerte lærarar. Dei er der for å gje ekstra tryggleik til barna.

### 1. klasse

Mange av skulane i Fjell nyttar undervisningsprogrammet Zippys venner i 1. klasse. I implementeringsfasa av Zippy tok kommunepsykolog kontakt med kyrkja for å få til eit samarbeid om programmet sin 5. modul: Å takle forandring og tap. Her skal elevane mellom anna besøkje kyrkjegarden. Kyrkja stiller med pedagog/prest og kyrkjegardsarbeidar på desse besøka. Besøket er i korte trekk slik:
Ein kjem til ein av kyrkjegardane med klassen. Her får ein både sjå og høyre om kva ein kyrkjegard er, kven som kjem hit og kvifor. Ein er også innom korleis ein oppfører seg her. Det er også tid til samtalar om det å kjenne på tap og sorg når nokon vi er glade i, døyr.
Ein lærer om flagging på heil og halv stang, om tradisjonar ved ei vanleg gravferd.

Ein får sjå på både ny grav og gammal grav, på symbol og gravsteinar. Og ein viser minnelund/minnetavle der det er dette.

Ein har tid til ei vandring på kyrkjegarden der elevane kan gå litt rundt og sjå, både for seg sjølve og saman med dei vaksne. Elevane kan sjølv fortelje om eller vise gravstad etter avtale med lærar eller føresett.

### Evaluering

Etter kvart møtepunkt med skulane sender SKU-utvalet ut spørsmål om evaluering til skulane. Der kan ein gje tilbakemelding og gode innspel til endringar. Dette tek ein så opp på SKU-møtet og tek eventuelle merknader inn i planar for neste år. Slik sikrar ein fagleg kvalitet saman.

### Takk!

Vi frå kyrkja vil takke skulane for det flotte og velutvikla samarbeidet vi står i, til beste for dei som veks opp i kommunen vår.




## Tilbakemeldingar frå skular

Vi har opplevd kyrkja som ein god samarbeidspartnar. Kyrkja har vore ein ressurs og har vore med å styrke elevane sine kunnskapar innanfor fleire fagområde.

Vi blir alltid tekne godt imot av dyktige og engasjerte tilsette i kyrkja. Elevane får blant anna gjennom dette samarbeidet høve til å bli kjende med gravplassen og kyrkjerommet på ein god måte.

5. trinn får Biblar og kurs i «Vandring gjennom Bibelen». Skulen deltek kvart år på adventsgudstenester. Gjennom SKU-samarbeidet kan vi få kome med innspel og tilbakemeldingar om det vi er med på.

**Eli Marit Hansen og Rita Rosnes**
**Brattholmen skule**

Eg har vore med klassar på alle møtepunkta som er mellom kyrkja og skulen: Adventsgudstenester, 3. klassebesøk i kyrkja, Zippy-vandring og «Vandring gjennom Bibelen». Eg er også med i SKU-utvalet.

Det er fint å samarbeide med kyrkja. Eg opplever at kyrkja er oppdatert på skulen sine planar og tilpassar opplegga etter det. Kyrkja er òg heile tida open for tilbakemelding om kva som kan gjerast annleis og betrast! Eg opplever god dialog med kyrkja!

Eg får tilbakemelding frå elevar at dei likar å vere med på opplegga som skulen har i samarbeid med kyrkja. Det blir ein annan arena for læring, noko som, trur eg, styrkar skulen positivt. Særleg trur eg Zippy-vandringa i 1. klasse er viktig. Det er del av kapittelet om «Forandring og tap». Det dei her får lære i kyrkja, kan vere god ballast for elevane seinare i livet.

**Ragnhild Bjelland**
**Tellnes skule**



Landro kyrkjegard ein sommardag.
Foto: Fjell kyrkjelege fellesråd

# Utviding av gravplassen på Landro

**Fjell kommune i samarbeid med Fjell kyrkjelege fellesråd planlegg for utviding av gravplassen på Landro. I kommuneplanen er det lagt inn eit område til offentleg føremål aust for eksisterande gravplass. Planarbeidet er komen godt i gong. Utviding av gravplassen på Landro er ei høgt prioritert sak. Det minkar på ledige graver på den eksisterande gravplassen på Landro.**

Tekst: Olav Martin Vik

**Status for arbeidet**
Framdrifta i arbeidet med å planlegge og byggje ny gravplass går i fasar. Det må utarbeidast ein reguleringsplan som skal godkjennast, og det må vere ein god prosess mot grunneigar i området.

Ein del arbeid går parallelt som til dømes prosjektering, regulering og dialog med grunneigar. Det må gjerast naudsynte vedtak i politiske organ etter kvart som prosessen skrir fram. Det er utarbeida ein plan for dette.

Kommunestyret i Fjell har lagt inn investeringsmidlar for 2018 og 2019 med ei ramme på kroner 29 millionar.

**Storleik på gravplassen (utvidinga)**
Førebels arbeider ein ut ifrå ei målsetting om å få plass til 650-700 kistegraver. Ein del av desse gravene vil vere lagt til rette for personar tilhøyrande andre trussamfunn. Det er også tenkt lagt inn cirka 200 urnegraver. Arealet som er avsett i kommuneplanen avgrensar omfanget av utvidinga.

**Samarbeid**
Det er Fjell kommune som står for sjølve planarbeidet og som har hovudansvar for prosessen. Det er eit godt samarbeid mellom kommunen og kyrkjeleg fellesråd ved kyrkjeverje.

**Informasjon framover**
Etter kvart som prosessen skrir fram vil me informere om dette i kyrkjebladet. Me er enno i ein avklarande fase, samtidig som planlegginga går for fullt.



Rådgivar Annlaug Børve frå Fjell kyrkjelege fellesråd og Jostein Sangolt Foldnes frå Fjell kommune ser på planteikninga av den nye gravplassen på Landro.

Foto: Olav Martin Vik

# Misjonsprosjektet til Foldnes kyrkjelyd

I Foldnes kyrkjelyd har vi i fleire år hatt eit misjonsprosjekt i Mali i samarbeid med Normisjon. Prosjektet har vore todelt. For det første har det vore støtte til bibelskulen i Bafoulabé, og for det andre har det vore støtte til arbeidet med omsetjing av Bibelen til lokale språk – malinké og kasonké.

Tekst: Harald Rød

Arbeidet i Mali har hatt store utfordringar i seinare år fordi det har vore ufred i landet. Utsendingane frå Noreg flytta over grensa til Senegal. Dei har likevel halde god kontakt med arbeidet og medarbeidarane inne i Mali. Det har også vore mogleg å reisa inn til arbeidsfelta for å sjå til arbeidet.

Bibelskulen er ein viktig reiskap for misjonen og dei lokale kyrkjene. Der kan unge kristne få utdanning både gjennom allmennkunnskap og kristendomsopplæring. Mellom desse kandidatane finn ein ofte framtidige leiarar både i samfunnet og i dei lokale kyrkjene. Utdanning er ein nøkkel for å dyktiggjera unge for å byggja landet og kyrkja.

Omsetjingsarbeidet er også særs viktig. Fellesspråket i Mali er fransk. Men ute i landet er det lokale språk som vert nytta i daglegtale. I det området Normisjon arbeider er det dei to språka malinké og kasonké som er rådande. Kasonké har ikkje hatt skriftspråk, men gjennom omsetjingsarbeidet av Bibelen, er det skapt skriftspråk. Difor har arbeidet hatt stor merksemd i lokalmiljøa. Det vart feira då Det nye testamentet var ferdig trykt. Til og med imamen hylla arbeidet og tok del i feiringa.

**Dei to siste åra, i 2016 og 2017, er det sendt til saman cirka 212 000 kroner til prosjektet frå Foldnes kyrkjelyd.** Vi må retta ein stor takk til «Basardamene» og andre gjevarar.

**Guri Enger** i Normisjon har vore leiar for teamet som har hatt ansvaret for omsetjingsarbeidet.

Vi tek her med siste brevet ho har sendt oss før jul.

Desember 2017

De siste ukene ble begivenhetsrike og travle. Vi fikk med oss lanseringa av Jesusfilmen på kita-malinké, før vi selv gjorde lydopptakene til Jesusfilmen. Det har vært store utfordringer og mye jobb for å få det til. Jeg våga nesten ikke tro det før jeg hørte at teknikerne var på vei. En av aktørene spurte meg etterpå om jeg var redd det ikke kom til å bli noe på kasonké, og jeg måtte innrømme at jeg var det. Men alt gikk bra, og nå snakker Jesus kasonké også på film. Det var maliske teknikere, de var flinke og gjorde en god jobb.

Jeg gjorde damene på kjøkkenet forskrekka da jeg kom kjørende fra gjestehuset til bibelskolen kl. 06.00 første morgenen, men teknikerne skulle starte opp med lydopptak kl. 08.00 og måtte da ha tid til å sette opp utstyret i studioet som vi har der. To aktører har mye å lese, og vi sendte han som skulle være Jesus inn først og så satte en av oversetterne og jeg oss ned med de andre aktørene for å trene. Alle de 24 aktørene kom fra ulike landsbyer, og vi fikk ha 4 fine dager sammen. Her sitter de med arka og øver. De var litt flaue og grua seg nok litt, de skulle jo spille en rolle. De som hadde vært inne, prøvde å gjøre de andre mer nervøse. Det var så moro å se dem komme ut, de smilte og sa at dette var stort, litt stolte var de nok også. Jeg var spent på om vi hadde fått til en god tekst, jeg hadde jo måttet lese meg til det, men det var lite å forandre på, så det var oppmuntrende for oss i oversetterteamet. Noen barn kom ned fra landsbyen, for der vi var snakker ikke barna lenger kasonké. Jeg var med barna inn og de var så flinke. Det var spennende å se hvordan de jobba.

På torsdag ettermiddag skulle alt vises, for å være sikker på om alt var med. Alle som var der var så begeistra, nå forstod de alt, dette var stort. Etterpå ble det taler og flere sanger, ja det tok helt av slik at taket nesten løfta seg da de sang «Han er oppstanden» på kasonké. Alle bobla over av glede over at endelig var det deres tur til å få filmen på deres språk. Jeg tror at det var det eneste språket som mangla i Vest-Mali. Nå er filmen sendt til USA til finredigering, og vi får den tilbake for å se igjennom om alt er riktig. Vi skal spesielt høre om stemmene kommer godt nok fram. Jeg gleder meg til å se den igjen. Dette blir enda et godt redskap i å nå folket med evangeliet.

Hilsen Guri



Lydstudio



Øving på manus



Kinosalen

# Ja, vi elskar dette vatnet!

**Søndag 18. mars kl. 16.00-19.30 arrangerer vi Fasteaksjonen i Fjell, Foldnes og Landro kyrkje. Saman med konfirmantane trengs det frivillige som kan sette av ein ettermiddag i kampen for ei meir rettferdig verd.**

For over 50 år sidan bestemte kyrkjelydane i Norge seg for å ha ein årleg innsamlingsaksjon til Kirkens Nødhjelp sitt internasjonale arbeid. Sidan 1967 har kyrkjelydar over heile landet løfta aksjonen til stadig nye høgder. Her i Fjell har konfirmantane vore med på Fasteaksjonen dei siste 20 åra.

Fasteaksjonen gjer det mogleg for Kirkens Nødhjelp å reagere raskt og med stor kraft ved akutte katastrofar, samtidig som dei kan fortsetje med sine langsiktige utviklingsprosjekt. Aksjonspengane som blei samla inn i fjor har mellom anna gått til å gi kongolesiske flyktningar vatn og latriner i flyktningleirane i Angola. I år skal over ein million nye menneske få bærekraftig tilgang til reint vatn, berre gjennom Kirkens Nødhjelp sitt arbeid!

**– Ikkje sidan andre verdskrig har fleire menneske vore på flukt. Derfor er Fasteaksjonen viktigare enn nokon sinne, seier Helene Wibe Nesvold, prosjektleiar for Fasteaksjonen i Kirkens Nødhjelp.**

Som ein del av kyrkja har vi fått eit ansvar for verda, og vi ønskjer å dele av alt det vi har fått med dei som har fått lite. Derfor ønskjer vi som kyrkje å sette fokus på Fasteaksjonen. Ein enkel måte å vise at vi bryr oss, også om menneske vi ikkje kjenner.

I fjor samla vi til saman inn 170.000 kr til Fasteaksjonen i Fjell, Foldnes og Landro. Ver med å gjere årets resultat endå betre!

Til Fasteaksjonen treng vi hjelp frå frivillige som bøsseberarar, bollebakarar, sjåførar og praktisk hjelp (registrering av bøsseberarar og teljing av pengar) under aksjonen.

Meld deg til teneste på
**www.kyrkja.no/fjell/fasteaksjonen**

Fasteaksjonssjef Beate Sørhus




## Flyktningen som blei hjelpearbeidar

**– Vatn er sjølve livet, seier Innocent Nigindu. Han flykta med familien frå ein blodig konflikt i Kongo. No er han ein stor ressurs for Kirkens Nødhjelp sitt arbeid i flyktningleiren der han enda opp.**

– Utan vatn finst ikkje noko. Vi treng det til å vaske oss, lage mat og drikke, så den jobben eg gjer her er eg verkeleg stolt over, smiler Innocent.

Han måtte flykte då soldatar kom til byen der han jobba. Til slutt hamna han og familien i flyktningleiren Kakanda i nabolandet Angola, der Innocent etter kvart fekk seg jobb som koordinator for Kirkens Nødhjelp.

No passar han på at vatnet alltid er reint, at søppelet blir tømt og at toaletta blir vaska. Han veit betre enn dei fleste kor viktig reint vatn er, for under flukta var det ofte at han ikkje hadde noko han kunne drikke. Og som mange andre i leiren har han vore sjuk fordi han har drukke ureint vatn.

Tekst og foto: Kirkens Nødhjelp



# Livets Lys-samlingar

**Livets Lys er ei samling vi har i Foldnes kyrkje, for psykisk utviklingshemma. Først samlast vi inne i kyrkja der vi syng mykje, og alle får lov til å delta om dei sjølv har lyst med både song og diktlesing.**

Gleda av å vere til stades og sjå og høyra er det noko heilt spesielt ved. Det blir til inspirasjon og energigjevande glede for oss som er med som frivillige og hjelper til. Vi har også ein andakt og vi tenner lys i lysgloben.

Så går vi inn i kyrkjelydsalen og har kveldsmat og sjølvsagt utlodning der alle vinn. Det kostar 50 kroner som går til å dekke utgifter til kveldsmat og gevinstar, men det er det verdt. Vi gler oss til kvar gong det er Livets lys.

Vi er så takknemlige for å ha god hjelp til både spel av piano, trommer og keyboard.
Takk også til dei som held andakt, og til dei som er med å leiar det heile. Vi har også vore så heldige og fått ein del gevinstar, og det er vi veldig glade for. Vi håpar at fleire skal få ta del i denne gleda.

Dei som er i denne målgruppa er hjarteleg velkomne. Det er lov å ta med ein støttekontakt eller eit familiemedlem.

Samlingane byrjar kl. 18.00 og er ferdig kl. 20.00.

Bodil Wasbø

**Samlingar Livets Lys våren 2018**

26. januar kl. 18.00
23. februar kl. 18.00
23. mars kl. 18.00
20. april kl. 18.00

## Bli med i Nordre Fjell barne- og tweenskor

Nordre Fjell barne- og tweenskor øver i **Landro kyrkje** kvar tysdag: barnekoret kl. 17.30-18.35, og tweenskoret kl. 18.40-19.40.

Barne- og tweenkoret deltek mellom anna på familiegudstenester i kyrkja, og samarbeider med andre barne- og tweenskor på Sotra om konsertar.

14. april kjem Ragnhild Hiis Ånestad til Landro kyrkje for å halda konsert saman med oss og fleire andre kor frå Sotra og Askøy.

Kom gjerne innom ein tysdag, dersom du lurer på om kora kan vere noko for deg.

**Kontaktperson:**
Eline Olsen, organist og barnekorleiar i Landro kyrkje.
Tlf. 90605332, e-post: elineolsen@yahoo.com



## Velkomen i Foldnes barnegospel

Foldnes barnegospel øver i Foldnes kyrkje tysdagar frå kl. 17.30 til 18.30.
**Nye songarar er hjarteleg velkomne!**

**Øvingsdatoar våren 2018**

23. januar
6. februar
20. februar
6. mars
20. mars
3. april
24. april
8. mai
22. mai
5. juni

**Kontaktpersonar:**
Dirigent Andrea Ådland
Tlf. 97755938
Organist Aasmund Brekke
E-post: aasmund.brekke@fjell.kommune.no

# Julefest i Fjell kyrkje

Tradisjonen tro var det julefest i Fjell kyrkje første helgen i januar. Vi begynte inne i kirken der prest Maria Tveten ledet oss trygt og fint, som alltid. Vi sang julesanger, Tweenskoret framførte sitt eget julespill, og ungdommer spilte for oss både på fløyte og piano.







Foto: Anne Elisabeth Hornnes

Etterpå var det kaker og underholdning, quiz og juletregang i kyrkjelydsalen. Både små og store koste seg på julefesten. Tusen takk til dere som spilte og opptrådte, og forberedte en fin julefest for oss alle.

Terje Aannerød, sokneprest i Fjell

# Retreat – kva er det for noko?

**Du har kanskje sett han – annonsen om retreatkveldar i Fjell kyrkje, og den vesle rubrikken i Vestnytt «Tid til å berre vere».**

Retreatkveldane i Fjell kyrkje vart sett i gong allereie våren 2007. Nokre frå kyrkjelyden fekk inspirasjon etter fagdagar med Vivre Tynnemark i Oslo, der retreat og stillearbeid i kyrkjelyden var tema.

Vi var fleire som hadde ynskje om ei stille stund i kyrkjerommet på det jamne . Ei stund med søndagens tekst, orgelmusikk og tid til å be og få tenkje tankar heilt ut i fred og ro. Så blei det til at Fjell kyrkje fekk slike samlingar ein gong i månaden. Og dette har framleis vist seg å vere berekraftig og givande.

Desse retreatkveldane passar for alle som kjenner på noko av dette behovet for ro. Og vi er fleire! Tilbakemeldingane er at dette gjer godt. Bibelordet får tid til å opna seg når ein set seg ned.

Det vakre kyrkjerommet har også noko å formidle oss. Slik er det påfyll å kome saman på denne måten også. Nøl ikkje med å komme. Du blir møtt i døra, du får sitje ned og lytte til vakker orgelmusikk og får tid med komande sundags tekst. Alt i ei stille ramme. Kanskje dette kan bli ei kjelde for trua di denne våren. Velkomen!

Fjell sokneråd

Retreat-kveldar våren 2018
Fjell kyrkje kl. 20.00

14. februar
14. mars
11. april

**Velkomen!**

Vi markerer fastetida med nattverd på retreatkvelden den 14. mars og held open kyrkje to onsdagar til: onsdag 7. mars og onsdag 21. mars frå kl. 20.00-21.00.
Velkomen!









# Julefest i Foldnes kyrkje

Søndag 7. januar møttes 160 små og store til den tradisjonsrike juletrefesten i Foldnes kyrkje. Takk til Foldnes barnegospel, blåsegruppa frå Fjellklang, sokneprest Vetle Karlsen Eide, organist Aasmund Brekke, dei tre heilage kongane, heile soknerådet, alle som bidrog med god mat - og alle som deltok med god stemning og godt fellesskap! Vi gler oss allereie til neste år!

Astrid Aksnes Myskja, Foldnes sokneråd




## Trongare økonomi

Fjell kommune har løyvd det same i rammetilskot til Fjell kyrkjelege fellesråd i 2018 som i 2017. Dette betyr ein reell nedgang i fellesrådet sitt budsjett for 2018.

Fellesrådet må utover i 2018 gjere naudsynte disposisjonar som gjer at det vert samsvar mellom aktivitetsnivået og den økonomiske ramme ein kan drive for.

Det er for tidleg å seie kva dette betyr for tenestene og aktivitetane i regi av Den norske kyrkja i Fjell kommune.

Konsekvensane av ei trongare økonomisk ramme vil vere tema i kyrkjebladet framover.

Olav Martin Vik
Kyrkjeverje i Fjell, Sund og Øygarden











Haldis Knapskog fortalde om arbeidet med å få kyrkja bygd.

# Landro kyrkje 40 år

**Landro kyrkje fylte 40 år i 2017, og soknerådet inviterte til ein uformell bursdagsfest i Landro kyrkje i november.**

Tekst og foto: Bjarte Nese

Landro kyrkje vart vigsla den 11. desember i 1977. I Nordre Fjell måtte ein vente lenge på å få kyrkje. Det var eit langt arbeid som låg bak bygdefolket då kyrkja stod ferdig og vart vigsla. Svært mange menneske var blitt involvert og hadde gjort mykje for at kyrkja kunne takast i bruk. Tomta kyrkja står på vart gitt av Jens Landro.

